

SAK 79/22 TV OVERFØRING AV REGIONRÅDSMØTER

Saksopplysning:

Det har kome spørsmål frå Flå kommunestyre om det er mogeleg å overføre regionrådsmøter og møte i Hallingtinget på same måte som kommunestyremøte i kommunane blir TV overført.

Radio Hallingdal, som driftar kommuneTV i alle kommunar seier at det er mogeleg å få det til.

Økonomi:

Oppstartskostnad vil vere om lag kr. 25000 (eingongskostnad)

Driftskostnadane vil vere om lag slik:

TV plattform pr. mnd: kr. 550

Kostnad pr møte inntil 4 timar kr. 2650

450 pr. time over 4 timar: kr. 900

Sum pr. mnd kr. 4100

Sum for 6 timars møte i 11 mnd kr. 45100

4 stk 2 dagars møte + 4*3550 kr. 14200

Kjøregodtgjering kr. 2500

Total drift pr år kr. 61800

Vurdering

Bakgrunnen for var spørsmålet frå Flå var, slik dagleg leiar forstår det om TV overførte regionrådsmøte kunne skapa større interesse, vera opplysende for folk og vera klargjerande for dei sakene som skal vidare til behandling i kommunane.

Dagleg leiar meiner at TV overføring av regionale møter kan ha ein slik positiv effekt, men samtidig er det slik at mange av sakene i regionrådet er del av ein prosess som vil vera vanskeleg å følgje i ei TV sending. Innspel til planar, høyringar og uttaler til ulike instansar er døme på slike saker som gjer at delar av regionrådsmøtene blir reine arbeidsmøte.

Regionrådsmøtene er alltid opne møter, det er ofte presse tilstades og det skjer skjeldan eller aldri at det dukkar opp spørsmål frå kommunane om kva som var sagt i debatten i regionrådet. Når ein ser kostnaden med ordninga, er dagleg leiar i tvil om ressursbruken svarar seg i høve til kva ein får ut av det.

Eit alternativ kunne vore å hatt TV overføring på vedtakssakene i Hallingtinget. Då ville kostnadene blitt vesentleg redusert.

Forslag til vedtak:

Saka blir lagt fram utan tilråding.

Hallingdal, 17. nov 2022

Jan Olav Helling
Dagleg leiar